

TEOLOGISK LITTERATUR TIL DEN LUTHERSKE PRESTESKULEN PÅ MADAGASKAR

av

LUDVIG MUNTHE

Presteutdanninga i vår gassiske dotterkyrkja feira sitt 100-års jubileum den 22. mai 1971.

Eit augnekast på dette kapitlet i misjonssoga fortel ei stolt historie om enorm innsats og store resultat. Misjonsblada ifjor minte om dei viktigste data i Presteskulen si saga, så me skal la dei ligga her, men heller prøva setja opp ei lista over dei lærebøker misjonærane i åra fram til århundreskiftet skreiv med tanke på Presteskulen. Den lista vil truleg gi oss ei aning om *kor* mykje det her vart sett inn av tid og krefter.

Norske Madagaskar-misjonærar fekk ved starten i 1866–67 lagt i handa ein kristen litteratur. Engelske misjonærar som tok til 50 år før, hadde brøyt låm også på det feltet. Bibelen var ferdig omsett, trykt og distribuert alt frå 1830–35. Lesebøker, reknebøker, geografiar og historiebøker var utarbeidde til barneskulane. Så tidleg som i 1830-åra var endå til lærebøker til ei byrjande praktisk yrkesutdanning trykte og nytta av Mr. Cameron til dei over 500 tilsette i hans verkstader og anlegg.

Men sjølv om norske misjonærar hadde stor hjelp av denne tidlege engelske innsatsen, vart det fort klårt at her var det ennå langt att. Det var ingen veg utanom, dei laut først og framst lita på seg sjølve og laga lærebøker til alle skuleslag og klassesteg. Serleg var det trong for enkle lærebøker i religion, katekisme, bibel-soge o.l., både i barneskule og kyrkje.

Dei skreiv og ga ut slike bøker. Dei laga ei salmebok. Dei ga ut ei husandaktsbok.¹ Sume misjonærar hadde endåtil så stort overskot av energi og pågangsmot at dei skreiv og trykte eit hefte om eit så spesielt emne som patriotisme.²

Også på Presteskulen kunne våre folk nytta godt av ein del litteratur som alt låg føre. Men som rimeleg var synte det seg snart at dei største oppgåvene på litteraturfronten venta misjonæranne våre nett her.

Trykkeriet til Det norske misjonsselskap (NMS) i Tananarive kom i gang juletider 1877. To år etter hadde ein trykt ti bøker. Attåt det talet kjem to dei hadde fått laga hjå kvekarane. Mr. Kingdom, leidaren for kvekar-trykkeriet i byen, hadde vore hjelpsom også tidlegare då norske misjonærar kom med sine manuskript. På andra sida hjelpte dei norske misjonæranne også Kingdom når det høvde slik.³

Misjonærinnsatsen for litteratur i Presteskulen i 30-års-bolken 1871–1900 resulterte i 26 trykte publikasjonar på tilsaman 3870 sider. Til det kjem i alle høve 8 meir eller mindre ferdige manuskript med eit ukjent sidetal.

Ikke alt har like høg kvalitet. Men misjonæranne skreiv og omsette slikt som kunne tilpassast det miljø skulen arbeidde i. Dei fleste som idag les desse bøkene, ikkje minst dei bøkene som misjonæranne arbeidde ut sjølv, vil la seg imponera over kor høgt nivået må ha vore. Ein vil også — om ein samanliknar dette materialet med det andre misjonar ga ut på same tid — gleda seg over den språklege kvalitet ein finn. Her er det skapt ein tradisjon som det er bryet verd å føra vidare.

Her fylgjer då lista og ein del opplysningar om dei ymse bøkene som vart laga til Presteskulen i 1870, 80 og 90-åra.

Martinius Borgen: Stor Bibelsoga (1874) 153 sider á 17 x 10 cm.

Denne Borgen si Bibelsoga har eit tillegg med kart og forklåring av Palestina sin geografi. Tittelen er: Ny Tantara ny Soratra Masina (Antananarivo, 1874). På tittelbladet står fortalt at Mr. Kingdon i kvekartrykkeriet trykte boka. I seinare utgåver (2. utg. 1884) er det sagt at Borgen byggjer på V. Vogt si Bibelsoga. Han har — syner det seg — fylgt V. Vogt: En større Bibelhistorie med Beskrivelse af det Hellige Land. Chr. 1861. 348 sider. Borgen har likevel korta noko inn i den gassiske omsetjinga. I kopiboka i Tananarive s. 4 ff for 12/3-79 stadfester Dahle at Borgen fylgjer Vogt. Dahle fortel vidare at *han* tok arbeidet med å revidera G.T.-tekstane i boka før trykkjinga. Denne stor Bibelsoga var nytta som hjelpebok i undervisinga på Presteskulen i fleire år.

Ein vil kanskje innvenda at nivået må ha vore svært så lågt når ein på Presteskulen nytta ei Bibelsoga som lærebok. Til det kan nemnast at denne aldri vart ei sentral lærebok. Ho vart likevel nytta i arbeidet med å gi elevane god Bibelkjennskap, ei side ved det teologiske studium som har vore sørgeleg forsømt og som først i dag vert retta på ved europeiske læreseter.

Martinius Borgen (?): Kyrkjeehistorie (1879) 85 sider à 17 x 10 cm.

Me har ikkje makta finna ut kven som omsette denne kyrkjesoga som kom i 1879. Den gassiske tittelen er: Ny Tantaran'ny Eklesia Nosoratany Volrad Vogt (Ant. 1879). (Namnet vart retta i andre utgåva (1883) av boka til Volrath Vogt.) Sidan boka vart omsett og trykt så tidleg, har ho tvillaust vore nytta på Presteskulen. Borgen omsette som me såg, Vogt si Bibelsoga. Det kan vera han som tok på seg å omsetja kyrkjesoga også.

Men det var Chr. Borchgrevink som ga ut flest bøker nett på den tid då denne vesle kyrkjesoga kom (1879). Var det han? Sjå om hans produksjon nedanfor. Chr. Borchgrevink tala dessutan i 1876 om at det var aktuelt å få laga «en Kirkehistorie, moske en større for det theologiske Seminarium og en mindre for Lærerskolen...»⁴

Men også S. E. Jørgensen (sjå om hans produksjon lenger nede) kan ha omsett denne boka. Jørgensen ga ut ei anna kyrkjesoge. Ein kan såleis undrast om S. E. Jørgensen makta å omsetja denne også. Han styrde på denne tid også med trykkeriet.

Alle desse nemnde var i Tananarive på denne tid. Dessutan veit me det fanst skulekomitear som tok seg av spørsmål som bøker til skulane. Desse komiteane kan òg ha vore inne i billedet.⁵

Arne F. Valen: Solfabok (1881), ei notebok på 62 + 18 sider à 20 x 13 cm.

Styraren på Presteskulen, S. E. Jørgensen, seier i boka: Folk og Kirke på Madagaskar, Ant. 1887 s. 251 at denne boka vart til stor hjelp i undervisinga. Dette var første utgåva av solfaboka til salmeboka. A. Valen ga henne ut under tittelen: Tiona sy Fihirana, Ant. 1881. Boka har 138 nummer pluss noter til diverse amen i høgmesseliturgien. Dessutan er det 12 ekstrasider i boka med gjennomgåing av solfasystemet. Boka er ei uvanleg fin trykksak, trykt på Ambatovinaky av Den Norske Mission.

Arne F. Valen: Religionsanmærkninger (1886), 262 sider à 20 x 13 cm.

S. E. Jørgensen seier i boka Folk og Kirke paa Madagaskar (Krist. 1887) s. 251 at denne Valen-boka hadde Presteskulen og lærarskulane venta på. Boka var meint å utfylla studiet av Pontoppidans Forklaring som dei alt hadde til disposisjon, omsett av Borchgrevink og Engh, revidert av L. Dahle.⁶ Jørgensen seier at Valen si bok ga «et godt Grundlag for Undervisningen i Bibelhistorie og Kirkehistorie». På tittelbladet står det slik: A. Valen: Heviteny amy ny Fotopianarana, Ant. 1886. Boka er ei omsetjing. Men L. Dahle seier i forordet at ho er meir enn ei vanleg

omsetjing. Valen har sine eigne stykke og han har omarbeidd originalen. Det er Dahle som i sine brev (8/3-86) også fortel kven denne 262 siders store boka er omsett og utarbeidd etter. Forfattaren er «Lind». Det må då væra P. E. Lind: Katekisationer over Luthers lille Katekismus for Lærere. Overs. af O. A. Hattrem 377 sider, Chr. 1879. Cammermeyer. — Boka er omtala i Alm. Kirketidende 1880 s. 33. P. E. Lind, dr. theol. var dansk biskop, f. 1814 d. 1903. Boka er eit imponerende arbeid. I alle høve i den gassiske versjonen er boka vorte ein heil liten dogmatikk bygd opp etter katekisma.

Arne F. Valen: Eksegese til 25 utvalde Salmer (1892), 253 sider à 20 x 13 cm.

Denne Valen-boka (stundom er navnet hans skreve med W) har tittelen: Heviteny amy ny Salamo dimy amby roapolo voafantina. Fizarana I, (Ant. 1892). Valen fortel i forordet at dette var forelesingar han hadde halde på «Seminary Theologikaly». I ein fotnote seier Valen at han har planar om å gi ut kommentar til fleire Salmer. Det er grunnen til «Del I» som det står på tittelbladet. Ein kan her undrast på korleis planleggjinga har vore når også S. E. Jørgensen hadde ferdig eit manus, med kommentar til 25 Salmar. Sjå nedanfor.

Jørgen T. Nygaard: Luthers Leveregler (1885), 124 sider à 17 x 10 cm.

Denne Luther-omsetjinga ved Nygaard heiter: Fanoroan-dalana ho any ny Kristiania (Ant. 1885) og er omsetjing av M. Luther/F. L. Mynster si bok: Leve-regler for menige Christne — efter et ældre Uddrag af Luthers Skrifter, København/Stavanger 1871. Mynster i sin tur fortel at denne eldre samling han nyttar seg av er J. F. V. Fischer si samling Luther-ord. L Dahle skreiv i sitt eksemplar av den gassiske boka med blekk at original-samlinga heitte: «Luther Sittenbuch für den Bürgern, Lpz. 1794—98.» Det syner seg såleis at den gassiske kyrkja med denne boka og med Luthers vesle katekisme har hatt Luther-ord og -bøker på sitt eige språk frå dei første år det fanst ei luthersk kyrkje i landet.

Lars Vig: Verdenshistorie (1886), 219 sider à 17 x 10 cm.

Denne boka som S. E. Jørgensen omtalar i Folk og Kirke paa Madagaskar (Ant. 1887) s. 251, må vera L. Vig: Ny Tantaran'ny Firenena Samihafa Ant. 1886, 219 sider. Ho var då Jørgensen skreiv si bok «under Trykning». L. Vig signerte manuskriptet til denne boka på Antsirabe i 1886. Etter det forfattaren og Lars Dahle⁷ fortel, får me her ei omarbeiding og ei omsetjing av A. E. Eriksen: En liden Verdens historie (Krist. 1880) og L. Kr. Daa: Lærebog i Oldtidens Historie (Krist. 1866), Middelalderens Historie (Krist. 1864) og Den nyere Historie (Krist. 1865). L. Vig seier i forordet at også L. Daa og A. C. Drolsum: Illustrert Verdenshistorie I—VI (Krist. 1876—1880) er nytta som kjelde.

Sjølv seier Vig i forordet at boka er tiltenkt undervisinga i dei lærar- og bibelklassar som fanst på Masinandraina dei åra presteskulen ikkje var i gang (1885—90), mellom 3. og 4. kull. Seinare nytta også Presteskulen boka.

Knud O. Lindø: Kommentar til Romarbrevet (1886), 99 sider à 20 x 13 cm.

Denne boka heiter: Ny Epistily ho any ny Romana. Sasin-teny, filaharan-kevitra sy fanoroan-kevitra (Ant. 1886). Ho er ei omsetjing av «F. W. Bugge, Prof. Theol. Christiania» si bok: Indledning til Brevet til Romerne, i to-bindsvirket: Apostelen Paulus' Breve (Chr. 1880–81). Boka på gassisk er etter forordet resultatet av ei forelesingsrekkje på Presteskulen i 1883. Som tittelbladet seier, har boka innleidsstoff til Rom., inndeling av brevet og korte parafraser over hoveddinnhaldet. — Sjølv sagt er dette som kommentar å rekna svært kort og lite utfyllande, men som innleiing er boka vel nyttande.

Knud O. Lindø: Kommentar til Lukas-evangeliet (1894), 377 + 22 sider à 20 x 13 cm.

Lindø sin andre N.T.-kommentar (Lukas) heiter: Hevi-teny amy ny Filazantsara Nosoratany Lioka (Ant. 1894). Etter forordet er det også i dette høvet forelesingar ved Presteskulen som er vorte til bok. Forfattaren har levert eit kjempearbeid. 400 sider med tett og små skrift. I byrjinga finst det ei artig tidstavle der dei viktigaste hendingane i Jesu liv er tidfeste til år og månad frå november år 27 til mai år 30.

Knud O. Lindø: Bibel-geografi (1898), 100 sider à 20 x 13 cm + farga kart.

K. Lindø sin Bibel-geografi har tittelen: Geografy Biblikaly (Tanar. 1898). Manuskriptet til denne boka vart til i samband med ei forelesingsrekkje på Presteskulen. Også denne boka er trykt med ekstra små og tette bokstavar.

Lars Stueland: Kommentar til Fil.- og Kol.-brev (1893), 113 sider à 20 x 13 cm.

L. Stueland: Hevi-teny amy ny Epistily ho any ny Filipiana sy ny Kolosiana (Ant. 1893). Denne boka som «Nadikany L.S.» — vart omsett av Lars Stueland, — er ei omsetjing av August Dächsel: St. Paulus' Breve med en i Texten indskudt Fortolkning (Bergen 1889). Stueland publiserte først denne enkle kommentaren som artiklar i kyrkjebladet «Ny Mpamangy». Då artiklane kom i bokform vart dei nyttande også for Presteskulen.

Jens Chr. Thorvald Selmer: Historien om Dr. M. Luther (1894), 170 sider à 17 x 13 cm.

Selmer var Madagaskar-misjonær, men han var ikkje lærar på Presteskulen. Han var derimot ei tid lærar ved Misjonsskulen i Stavanger. Men boka hans om Luther med tittelen: Ny Tantarany Dr. Martin Lothera (Ant. 1894) vart nytta på Presteskulen. Selmer byggjer på J. Disselhoff/J. G. Blom si bok: Dr. M. Luther, hans Liv og Gjerning, Kra. 1883, ei bok på 152 små sider pluss nokre bilete. I den gassiske utgåva er sumt gjort kortare, sumt er utvida og gjort betre. Bileta er tekne bort.

Christian D. Borchgrevink o.a.: Perikope-samling (1873), 152 sider à 17 x 10 cm.

Den første perikopesamling med kollektar og tekstar etter første rekkje vart til både for skuld undervisinga på Presteskulen og for skuld oppbyggjinga av den lutherske godstenesta. Men det var i samband med undervisinga på Presteskulen boka vart utarbeidd. Chr. Borchgrevink fortel at ein har fått kvekartrykkeriet til å lova trykkja denne boka, fordi ho ikkje har avvikande konfesjonelt innhald.⁸

Christian D. Borchgrevink: M a n u s k r i p t til ein gresk-gassisk grammatikk (1876).

Me veit dette har eksistert. Me veit òg at det ikkje vart trykt. Men me veit ikkje kor manuskriptet er vorte av.⁹

Christian D. Borchgrevink og John Engh: Pontoppidan si Forklaring. Del I. Part 1—3 (1877), 105 sider à 17 x 10 cm.

Denne Forklaringa til berre dei 3 partane vart trykt på kvekarane sitt trykkeri i Tananarive av dei norske misjonærene sin ven og hjelpemann Mr. Kingdon. Manuskriptet er signert 2. april 1877. Først juletider 1877 kom NMS sitt eige trykkeri i gang. Siste delen — om sakramenta — kunne Kingdon vanskeleg forsvare å la trykkja på kvekartrykkeriet. Den delen kom i 1878. Men Kingdon hjalp også då tilrette under trykkinga både med folk og utstyr.

Forordet ved L. Dahle fortel at «C.B.» = Borchgrevink gjorde det meste av omsetjingsarbeidet og at «J.E.» = Engh tok på seg ein del. Dahle retta og redigerte før trykkjng. Tittel: Fotopianarana Nosoratany Dr. E. Pontoppidan sy nahafoziny Rev. Sverdrup. Fizarana I, Toko I—III (Ant, 1877).¹⁰ Det var altså Borchgrevink/Engh som omsette Pontoppidan. Men konferansen 1877 sette Stueland og Nygaard til å gå gjennom manuskriptet. Borchgrevink ba privat om at også L. Dahle måtte vera med. Dahle vart så offisielt valt og overtok meir og meir leidinga av denne revisjonen. Det enda med at Nygaard sende sirkulære til kollegene med framlegg om at Dahle skulle overta heile førebudinga til trykking.¹¹

Christian D. Borchgrevink og L. Dahle: Augustana (1878), 20 sider à 17 x 10 cm.

Denne Augustana-utgåva på gassisk var den første boka som vart trykt på NMS-trykkeriet i Tananarive.¹² Boka ber tittelen: Ny Konfesionale Augustana, Fizarana I, Pgr. 1—21 (Ant, 1878). (Neste utgåva av Augustana kom først i 1927. Den boka inneheld både pgr. 1—21 og resten: paragrafane 22—28.) Manuskriptet til «Augustana» hadde vore under arbeid i lengre tid. Alt i brev skreive den 29. juni 1873 fortel Chr. Borchgrevink at dei arbeidde med det, og at misjonærene vona trykkeriet snart ville reisast så boka kunne verta trykt. På konferansen i 1877 diskuterte misjonærene på ny under sak 8 spørsmålet med Augustana. (Sjå det handskrevene referatet for det året.)

Ein kan undrast litt over at ikkje den siste delen også er teken med i førsteutgåva. NMS-trykkeriet kom i gang i 1877 på slutten av året. Det var såleis ikkje

nokon vanske med å få trykt det konfesjonelle stoffet. Under diskusjonen om dette manuskriptet kom Dahle fram med eit underleg og uventa argument for å ta berre dei tre første partane med i denne utgåva. Han meinte på at dei tunge harde avvisingar av katolsk lære og skikk som finst i Augustana 22–28 gjerne kunne venta litt. Slik situasjonen var i Tananarive nett på dette tidspunktet, ynskte han ikkje å provosera til unøyandens strid. «Regjeringa var» — seier referatet — «for Tiden paa Jag efter en Confession og den kunde da ligesaa snart falde opp i vor som i nogen andens.» — På trass av dette, er alle «Damnamus»-avsnitta i denne første utg. av artikkel 1–21 tekne med, bortsett frå siste delen av artikkel 21.¹³

Christian D. Borchgrevink: Geografi (1879), 82 sider á 17 x 10 cm med ekstra smått trykk.

Chr. Borchgrevink omsette denne geografien etter ei geografi-lærebok skreven av Eduard Erslev. Den gassiske boka heiter: Geografy, Nosoratany Professor Ed. Erslev, nadikany C.B. (Ant. 1879). Andre utgåva kom i 1882. Første opplaget var på 500 eksemplarer.¹⁴ Til bruk i barneskulen kom også ei kortare utgåve av same boka. Ho vart òg trykt i 1879. Ho var på 33 sider og bar tittelen: Geografy Fohi-fohy. Også geografi høyrde med til truvande hjelpstoff på Presteskulen, når ikkje anna brukande var laga.

Lars Dahle: Manuskript til eit gresk-gassisk leksikon for N.T. Ferdig 1877.

Arbeidet med dette manuskriptet starta tidleg i 70-åra i samband med undervisninga i gresk på Presteskulen. Etter at det halvvegs ferdige manus hadde lege i ro ei tid, tok Dahle fatt på ny i 1876–77. Me veit ikkje kor dette manuskriptet er vorte av, heller ikkje kor stort det var.¹⁵

Lars Dahle og andre: Rituale for kyrkjelege handlingar (1878), 20 + 12 sider á 20 x 13 cm.

Denne første utgåva av Ritualet inneheldt berre dei kyrkjelege handlingane. Det heiter: Ny Ritually Lutherana (Ant. 1878). Først i andre utgåva vart det teke med ein liturgi for høgmesse. Til nå er det kome 5 utgåver: 1878, 1890, (+ ei mindre «Messebok»), 1904, 1926 og 1951. Før 1872 var minst tre private omsetjingar av ritualdeler i bruk i kyrkja vår på Madagaskar. L. Dahle fekk brorparten av arbeidet med den endelege utforming og trykkjing. Han hadde dessutan gjennom handskrevne referat frå undervisninga på Presteskulen alt før denne tid distribuert ritualet til stasjonane rundt ikring. «Ritually» var den andre boka som vart trykt på NMS sitt eige trykkeri i Tananarive.¹⁶

Lars Dahle og andre: Ledetråd for Religionsundervisningen (1884), 134 + 4 sider á 20 x 13. cm.

Den gassiske tittel på denne spesialpedagogiske og religion-pedagogiske læreboka er: Ny Sekoly Elementary sy ny Raharahany (Ant. 1884). Det vart først

laga eit prøvetrykk på 50 eksemplar slik at leidinga i Stavanger også skulle få høve til å sjå og seia si meining om boka før opplaget på 6000 skulle trykkjast.¹⁷ L. Dahle fylgjer i denne pedagogikken «Brammer». Dette må vera G. P. Brammer: Lærebog i Didactic og Pedagogik, Kbh. 1838. Men L. Dahle strekar elles sterkt under at dette berre gjeld den generelle pedagogiske delen av boka. Religionspedagogikken og råd for undervisninga spesielt på Madagaskar har han laga sjølv. Lindø, seier han, har laga kapitlet om lesing, skriving og «tildels regning»¹⁸

Endeleg, seier Dahle, har S. E. Jørgensen skreve resten av boka i samsvar med Aars si bok: «Almueskolen» (Jacob Aars: Om Almueskolen, Kra. 1870).

Ikkje berre dei norske misjonæra og dei nye gassiske prestane som fekk undervisningsoppdrag dei første åra nytta seg av denne boka, men også engelske misjonærar let seg imponera over denne læreboka i pedagogikk, og nytta henne i si utdanning av lærarar og prestar.

Lars Dahle: Dogmatikk (1885), 250 + 4 sider á 20 x 17 cm.

Tittelen på denne L. Dahle-boka er: Dogmatika na fampianarana izay zavatra inoan'ny kristiana. (Ant. 1885). I forordet seier forfattere at han har korta noko inn dei forelesingar han har diktert til elevane på Presteskulen. Han hadde først planar om ei bok på 300–400 sider. Men ho vart for stor og dyr.¹⁹

Lars Dahle arbeidde mykje med denne boka. Boka har då også vore nytta i undervisninga på Ivory presteskule alt til idag.

Dahle fylgde sine læremeistrar G. Johnson og andre. Men han var sers kritisk til sine kjelder. Han freista framom alt å halda seg langt borte frå subjektiverande og psykologiserande formuleringar etter «Schleiermachers Skole». Sjølv om Presteskulen idag kjenner at boka ikkje held mål lenger, er truleg dette eit av dei «største» verk Lars Dahle skreiv på gassisk.²⁰

Lars Dahle: Bibelsk Arkeologi (1885), 160 sider á 20 x 17 cm.

Forordet seier at L. Dahle si bok: Arkeologia biblika (Ant. 1885) byggjer på ei forelesingsrekke forfatteren hadde halde på Presteskulen. Også denne boka har vore brukt heilt fram til nåtida.

Lars Dahle: Symbolikk (1885) 67 sider á 20 x 13 cm.

L. Dahle: Symbolika na fampianarana ny amy izay ioana (Ant. 1885) byggjer på eit manuskript forfatteren tok til å arbeidde på alt i 1871 då Presteskulen vart opna.²¹ Både då han skreiv denne og den sistnemnde boka nytta han sjølv-sagt sitt store bibliotek. Likevel arbeidde Dahle så lenge med dette stoffet at det er vorte hans eige, modellen er utviska.

Lars Dahle: Utleggjing av søndagstekstane (1886), 276 sider á 17 x 10 cm.

Denne L. Dahle si tekstgjennomgåing med disposisjonsframlegg for preiker over I. rekkje heiter: Ny Evangelia, fanazavana ny teksta voalohany misy fizahan-

teny sy ventin-kevitra ary dispozisiona (Ant. 1886). S. E. Jørgensen hadde alt (1885) gitt ut ei liknande bok til Episteltekstane i den første teksttrekkja. (Johs. Johnson ga mykje seinare ut ei liknande bok til hjelp med evangelietekstane etter 3. rekkje: Hevi-teny tsotra amin'ny Perikopa fanao amin-ny Fiangonana Loterana, Tanar. 1912.)

L. Dahle hadde fått i oppdrag av misjonærkonferansen å skriva boka. Men i eit brev heim ynskte han at han hadde sluppe denne oppgåva attåt dei mange elles. Til mars 1885 var heller lite vorte gjort. Den 16/6 s.a. fortel han at han framleis arbeider med desse tekstgjenomgåingane. L. Dahle ynskjer i brev skreve 16/6-85 å skifta litt på tekstane til første rekkje, t.d. for 1. søndag i advent å byta ut Mat. 21.1—9 med Johs. 15.1—16 eller Luk. 1.67—75. Grunngeving: Mat. 21.1—9 er også tekst for palmesøndag. Likevel fylgjer Dahle i boka den offisielle 1. rekkja.²²

Lars Dahle: Manuskrift til ein Isagogikk.

Lars Dahle: Manuskrift til ein Etikk.

Lars Dahle: Manuskrift til ein Homiletikk.

Lars Dahle: Manuskrift til ei Kyrkjehistorie.

Ikkje alle Dahle sine manuskript er tekne vare på. Men når det gjeld manuskriptet til ei bok om Isagogikk, ei om Etikk og ei om Homiletikk, så veit me dei har eksistert. Dahle seier såleis at desse arbeider han med for å gjera dei klar til trykking. S. E. Jørgensen fortel også i boka: Folk og Kirke på Madagaskar, Kra. 1887 s. 252, at i 1887 var «manuskriptet til ein *Ethik* også så godt som færdigt, ogsaa af Tilsynsmanden» (L. Dahle). I NMS' arkiv på Misjonsskolen i Stavanger ligg i manus-form med L. Dahle si handskrift ein «Indholdsfortegnelse af Ethiken efter Johnsons System» (på norsk). Desse notatene tek til med 8 kritiske punkt: «Mangler ved Johnsons ethiske System». Så fylgjer overskriftene til 25 paragrafar som i prinsippet, men ikkje noggrant inneheld stoffet og gangen i G. Johnsons forelesingar i etikk. Cfr. utgåva som kom ut etter hans død ved Jonathan Johnson: Forelesninger om den kristelige Ethik af Prof. dr. Gisle Johnson (Kra. 1898). Ein kan truleg ved å bla i dette nemnde tilgjengelege manuskriptet og i nemnde etikkbok av G. Johnson få ei aning om korleis L. Dahle sitt bortkomne manuskript til ei gassisk etikk-lære bok har sett ut.

Det er frå ein rapport heim til Stavanger etter første skuleåret ved Presteskulen at me veit at elevane skreiv ned L. Dahle sine forelesingar i Homiletikk. I utarbeidinga av dette manuskriptet nytta han seg av Grimelund: Forelesinger over practisk Theologi i kort Sammendrag (Chr. 1856).

Og når det gjeld *Isagogikk*-manuskriptet, så fortel L. Dahle ved same høve at han i dei forelesingar han dikterte for elevane, nytta seg av Caspari sine forelesingar og støtte seg til C. F. Keil: *Biblischer Commentar über das Alte Testament*, Lpz. 1862—83. Manuskriptet til denne gassiske Isagogikken ligg i NMS'

arkiv på Misjonsskulen i Stavanger. Det er på 130 sider á 22 x 17 cm. I 25 paragrafar omhandlar L. Dahle her sjølve omgrepet isagogikk, utviklingsgangen til dette fagområdet og nytten av arbeidet med det. Frå pgr. 7 tek *det* til som han kallar: «Ny Isagogika Generalis». Her omhandlar han Skrift og inspirasjon, kanon-problemet o.a. Han gjer sers vel greide for dei gamle Bibel-omsetjingane. Med serleg kunnskap omtalar han dei kaldeiske samaritanske og syriske ved sida av dei greske og latinske. Sjølv om Dahle skreiv ein «generell» isagogikk er han som ventande var serleg ivrig etter å informera om sitt serlege fagområde: G.T.

Det finst ei heil rekke noter i manuskriptet. Notene har Dahle jamt over skreve på norsk. Det skulle tyda at dette manuskriptet ikkje hade funne sin endelege form.

Også *Kyrkjesege*-manuskriptet sitt vona Dahle å få trykt, som han seier: «i Løbet af inneværende Aar» (1885). Manuskriptet som Dahle dikterte til Presteskule-elevane, bygde på «Nissen». Det må vera R. T. Nissen: *Kirkehistorie* (1852).

Lars Dahle: Manuskript til ein norsk-gassik Grammatikk og ein norsk-gassisk Vokabular.

Denne norske grammatikken forklart for gassarar «og et Vocabularium inneholdende de almindeligst forekommende Ord», som L. Dahle nytta til preste-elevane sitt norsk-studium, har han ikkje fått trykt. Me veit at han reagerte mot å trykkje slikt, då så mykje viktigare stoff trongst så mykje meir.²³

Likevel står det fast at det vart undervist norsk for elevane. Dette manuskriptet har truleg aldri vore serleg samla og aldri vore gjort klart for utgjeving.

Simon E. Jørgensen: Kyrkjarahistorie (1885), 249 + 13 sider á 20 x 13 cm.

L. Dahle fortel frå Tananarive at denne kyrkjesege av S. E. Jørgensen laut trykkjast hjå «Englænderne» for skuld skort på papir i NMS sitt trykkeir. Han fortel vidare at Jørgensen byggjer denne boka si: *Ny Tantaran'y Fiangonana* (Ant. 1885) på «Schmid». Det må vera H. Schmid: *Lærebog i Kirkehistorien*, oversat fra tysk ved C. Bang, Chr. 1853. Jørgensen fylgjer i si bok denne nemnde modellen sjølv om sume avsnitt hjå Jørgensen er vorte kortare. Til sist i boka har Jørgensen med eit tilleggskapittel på 4 sider om kyrkja på Madagaskar.²⁴

Simon E. Jørgensen: Pastoralteologi (1885), 125 sider á 20 x 13 cm.

S. E. Jørgensen: *Ny Theologia Pastoralis* na ny amy ny fitandremana ny fiangonana, (Ant. 1885). Forfattaren fortel i eit forord at denne gassiske boka er ei utviding og ei vidare omarbeiding av forelesningar haldne på Presteskulen. Han omhandlar i tre hovudavsnitt: 1) Kallet til tenesta. 2) Tenaren. 3) Tenesta. Som alt det S. E. Jørgensen skreiv er også dette solide ting.

Simon E. Jørgensen: Manuskript til kommentar til 25 Salmer (1886).

Forfattaren gjorde ferdig dette G.T.-manuskriptet før si heimreise i 1886. Universitetet i Oslo hadde 50 Salmer i sitt pensum. Dei same gjorde vår Preste-

skule på Madagaskar til sitt pensum. Kommentaren til dei 25 Salmane kom ikkje lenger enn til manuskriptet. Kommentaren til Joel etc. (sjå nedanfor) låg òg lenge i manuskript. *Det* manuskriptet var ferdig før 1886, men vart ikkje trykt før 1892. Manuskriptet til Salme-kommentaren vart aldri trykt. Ein minner elles om at også A. Valen i 1892, etter å ha gitt ut sin kommentar til 25 Salmar, hadde planar om å få trykt ei bok om like mange til. Nå vart korkje A. Valen eller S. E. Jørgensen sine planar på dette punkt sett ut i livet. Visse ting tyder på at skort på samordning og arbeidsfordeling velta planane. Men det at manuskripta var ferdige, fortel i alle høve om produksjonen og innsatsen i 1880- og 90-åra.²⁵

Simon E. Jørgensen: Homiletikk (1888) 108 + 6 sider à 20 x 13 cm.

På gassisk heiter denne boka: S. E. Jørgensen: Ny Homiletika na ny fampianarana ny amy ny toriteny (Ant. 1888). L. Dahle fortel alt den 2/3-85,²⁶ at manuskript til denne boka «mere eller mindre er ferdig til Trykning». Me har også her å gjera med ei forelesingsrekke frå Presteskulen.

Simon E. Jørgensen: Kommentar til Joel, Jonas og Malakias (1892) 49 sider à 20 x 13 cm med ekstra smått trykk.

Denne G.T.-kommentaren til S. E. Jørgensen bær tittelen: Hevi-teny aminy Joel sy Jona ary Malakia (Ant. 1892).

Medan L. Dahle var ved Presteskulen i Tananarive som lærar og styrar for 1. kull (1871–76), hadde han som den store «gamaltestamentler» naturleg nok all undervisinga i dette faget. Sjølv om han tok del i undervisinga også på det 2. kullet i Tananarive der S. E. Jørgensen vart styrar, vart det ikkje lenger slik konsentrasjon over L. Dahle si .G.T.-undervising som før.

S. E. Jørgensen fekk frå det 3. kullet (på Masinandraina) ansvaret også for dette faget. (Dahle var då att i Tananarive.) Frå 1881–84 arbeidde då S. E. Jørgensen ut manuskriptet til denne boka.

Det er ei imponerende bokliste — også kvalitetsmessig — som ber S. E. Jørgensen sitt navn. Før århundraskiftet gjorde nok Jørgensen meir for Presteskulen enn nokon av kollegene. Han er med urette komen noko i skuggen av Lars Dahle.

NOTER

¹ Den 12/3 1879 skriv Dahle: Under Pressen befindet seg nu en af mig udarbejdet Husandaktsbog der antagelig vil komme til at udgjøre mindst 150 sider 16 mo eller kanskje noget mere. Den består af følgende afsnit: 1. En almindelig Indledning om Bønnens Natur og Nødvendighed, de forskjellige slags Bønner osv. — 2. En kort Betragtning med Bøn for hver Dags Morgen og Aften Ugen igjennem. Til Grund for Morgenbetragtningene er lagt Fadervorets 7 Bønner, mens Aftenbetragtningene benytter Budene som Text, idet der for hver Dag er

valgt det eller de Bud som i Indhold mest nærmer sig ved samme Dags Morgenandakt. (Saaledes corresponderer, for at nevne et Exempel, første Bøn fortrinligt med andet og tredje Bud.) — 3. Betragtninger og Bønner for forskjellige Leiligheder. — 4. En kort Samling af Skriftsteder til Overveielse for Syge og Døende, væsentlig den tilsvarende Samling i Landstads Salmebog og Fresenius' Komunionbog. (Sjø: J. P. Fresenius: Skrifte- og Communion-Bog, Christiansand 1857). — 5. En Læsetabel med Henvisning til passende Bibelafsnit for hver Dag. — 6. Et Anhang bestaaende i en Del korte, men slaaende Fortellinger om mærkverdige Bønhørelse. — Boka vart trykt i 1879 under tittelen: Vavaka Hatao eo an-Trano, og er på 171 sider a 13 x 9 cm.

² Forelesinga om patriotismen, som seinare vart trykt, heldt Lars Dahle på NMS sin presteskule på Faravohitra i Tananarive den 11. november 1882. Ho vart trykt på 16 sider á 17 x 10 cm med ekstra små bokstavar.

³ Chr. Borchgrevink skaffa t.d. Kingdon papir til trykkeriet. Dette papiret kom ut ved årsskiftet 1876–77. Borchgrevink fortel at han eit par år tidlegare hadde tinga dette papiret gjennom sin bror: «cand. theol. E. Borchgrevink, der for Tiden holder sig paa Gjøvik.» Chr. Borchgrevink spør etter om rekninga for dette papiret er ved ein feil komen til NMS i Stavanger i staden for til Kingdon på Madagaskar. (Sjø brev frå Chr. Borchgrevink skreve 2. februar 1877.)

⁴ Sjø Misjonstidende 1876, s. 174. Den same sak er nevnt s. 255.

⁵ Misjonstidende 1876, s. 269 om skulekomiteen sitt arbeidsfelt.

⁶ Til denne forklaringa, sjå L. Dahle si kopibok i Tananarive for 12/3 1879.

⁷ Sjø L. Dahle kopiboka i Tananarive s. 421 ff for 2/3 1885.

⁸ Brev frå Chr. Borchgrevink til Stavanger skreve 29. juni 1873.

⁹ Om hjelpemidler til studiet av det greske N. T. til bruk ved Presteskulen på Madagaskar, sjå L. Munthe: Misjonæren Lars Dahle (Oslo 1968) s. 19.

¹⁰ Sjø L. Dahle-brev heim til Stavanger skreve 25. januar 1877 og 24. mai 1877 og 12. mars 1879.

¹¹ Sjø referat for misjonærkonferansen i 1877 s. 61.

¹² Referat for misjonærkonferansen 1878 s. 163. Sjø også L. Dahle-brev til Stavanger skreve 28. juli 1878.

¹³ Om korleis den politiske og konfesjonelle situasjon var på Madagaskar i byrjingsåra, sjå Fr. Birkeli: Politikk og Misjon (Oslo 1952) s. 300 ff.

¹⁴ Sjø brev frå Lars Dahle til Stavanger-leidinga i NMS den 12. mars 1879.

¹⁵ Sjø L. Dahle-brev skreve 25. januar 1877 og 24. mai s.å.

¹⁶ Referat frå misjonærkonferansen 1878 s. 163. Sjø også ovanfor nemnde bok om Misjonæren Lars Dahle s. 34 ff.

¹⁷ Lars Dahle-brev skreve 12. mars 1879.

¹⁸ Lars Dahle-brev skreve 2. mars 1885.

¹⁹ Lars Dahle-brev skreve 31. juli 1884.

²⁰ Det står meir om denne dogmatikken i ovannemnde bok om Misjonæren Lars Dahle s. 21 ff.

²¹ L. Dahle nemner denne Symbolikk-boka alt i brev heim den 28. nov. 1872.

- ²² Sjø også Lars Dahle-brev skreve den 2. mars 1885.
- ²³ Sjø NMS arkiv: Bilag XX for brev 26. april 1876.
- ²⁴ Lars Dahle-brev 2. mars 1885.
- ²⁵ S. E. Jørgensen: Folk og Kirke paa Madagaskar (Kra, 1887) s. 252. Sjø også eit brev han skreiv til Stavanger den 15. februar 1884.
- ²⁶ Sjø L. Dahle si kopibok i Tananarive s. 421 ff. for 1885.